

**SØKNAD OM MELLOMBELS
BRUKSLØYVE**

**GNR. 45 / BNR. 392
RADØY KOMMUNE**

**Tiltakshaver:
ESPEN SOLTVEIT**

1. Søknad om mellombels bruksløyve

2. Utgreiing

3. Andre vedlegg

Kommunens saksnr.
11/702



Søknad om midlertidig brukstillatelse

Pbl § 21-10, SAK10 § 8-1

Søknaden gjelder							
Eiendom/ byggsted	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.	Kommune
	45	392					RADØY
	Adresse				Postnr.	Poststed	
	Selfallet				5936	MANGER	

Dato for søknad om ferdigattest	01.05.2019
---------------------------------	------------

Midlertidig brukstillatelse søkes for	
<input checked="" type="checkbox"/> Hele tiltaket	Hvis det søkes for deler av tiltaket, beskriv hvilken del det søkes for nå
<input type="checkbox"/> Deler av tiltaket	

Gjenstående arbeider frem mot ferdigattest
Angi gjenstående arbeider av mindre vesentlig betydning, innenfor den delen av tiltaket det søkes midlertidig brukstillatelse for tiltaket er ferdigstilt. Det vert vist til tidlegare søknad og løyve om mellombels bruksløyve, der det går fram at det står att ferdigstilling av VVA-anlegg. Når det føreligg ferdigattest på VVA-anlegg vil det også søkast om ferdigattest for bustaden.
Angi resterende deler av tiltaket hvor det her ikke søkes om midlertidig brukstillatelse

Sikkerhetsnivå og arbeider som vil bli utført innen 14 dager
Har tiltaket pr i dag tilstrekkelig sikkerhetsnivå til å tas i bruk? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Hvis nei, fyll ut informasjonen nedenfor
Følgende arbeider vil bli utført innen: Dato
Type arbeider
Bekreftelse på at disse arbeidene er utført vil være kommunen i hende innen: Dato

Vedlegg	Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra – til	Ikke relevant
	Situasjonsplan, avkjøringsplan	D	-	<input checked="" type="checkbox"/>
	Tegninger, plan, snitt, fasade	E	-	<input checked="" type="checkbox"/>
	Redegjørelser/kart	F	1 – 1	<input type="checkbox"/>
	Gjennomføringsplan	G	-	<input checked="" type="checkbox"/>
	Boligspesifikasjon i matrikkelen	H	-	<input checked="" type="checkbox"/>
	Uttalelser fra andre offentlige myndigheter	I	-	<input checked="" type="checkbox"/>
	Andre vedlegg	Q	1 – 1	<input type="checkbox"/>

Underskrifter	
Ansvarlig søker for tiltaket (for tiltak etter pbl § 20-1)	Tiltakshaver (bare for tiltak uten ansvarlig søker pbl 20-4)
Foretak Arkoconsult As	Navn
Kontaktperson LENA LEKVE	Kontaktperson
Telefon 56390003	Telefon
Mobiltelefon 95963006	Mobiltelefon
E-post post@arkoconsult.no	E-post
Dato 24/4-18	Dato
Underskrift 	Underskrift
Gjentas med blokkbokstaver FOR ARKOCONSULT AS - LENA LEKVE	Gjentas med blokkbokstaver

Radøy kommune
Avd. byggesak
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 Valestrandsfossen
Telefon: 56 39 00 03
Telefaks: 56 19 11 30
E-post: post@arkoconsult.no
www.arkoconsult.no

Deres ref.:
15/756 – 16/9621

Vår ref.:
Lena Lekve

Dato:
09.05.18

SØKNAD OM FORLENGING AV MELLOMBELS BRUKSLØYVE VED GBNR. 45/392 I RADØY KOMMUNE.

Det vert med dette søkt om forlenging av mellombels bruksløyve for gbnr.45/392 i Radøy kommune, eventuelt ny søknad om mellombels bruksløyve.

Ein ber om at kommunen vurderer søknaden om mellombels bruksløyve som ein forlenging av tidlegare gitt løyve, grunna saka sine omstende. Subsidiært ber ein om at gebyret for sakshandsaming av eventuelt ny søknad vert redusert på same grunnlag.

Heimelshavar er frustrert over situasjonen med at utbyggjar brukar uforholdsmessig lang tid på å ferdigstille veg, vatn og avlaup, og har unnlate å søke om forlenging innan utløp av fristen grunna utgiftene dette medfører. Han ser det ikkje som rettmessig at han skal lastast desse utgiftene når huset i seg sjølv er ferdigstilt og ferdigattest er avhengig av utbyggjar.

Etter førespurnad frå ansvarleg søkjar, har utbyggjar Rune Ulvatn sagt seg villig til å dekke utgiftene til søknad om forlenging av mellombels bruksløyve, eventuelt ny søknad om mellombels bruksløyve. Sjå vedlagt e-post der utbyggjar bekreftar dette, jf. vedlegg Q-1. Ein ber om at gebyret for sakshandsaminga av søknad om mellombels bruksløyve vert fakturert direkte til utbyggjar Rune Ulvatn, slik at heimelshavar ikkje treng ta stilling til ein slik faktura.

Det vert vist til tidlegare gitt mellombels bruksløyve av 28.07.2016, der det er stadfesta ovanfor kommunen at tiltaket er ferdigstilt i samsvar med løyve og vedtak i saka, og at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat. Det vert i si heilskap vist til tidlegare innsendt dokumentasjon på at tiltaket er ferdigstilt og oppfyller krava til ferdigattest.

Det står framleis att å ferdigstille VVA-anlegg i Selfallet bustadfelt, og det kan difor ikkje enno søkjast ferdigattest på tiltaket. Ansvarleg søkjar har i samtale med kommunen forstått at kommunen er kjent med forholda på Selfallet, og at utbyggjar har fått purringar på ferdigstilling av VVA-anlegget. Utbyggjar har opplyst at ferdigstilling truleg vil skje i løpet av sommaren 2018.

Firma:
Arkoconsult AS

Forretningsadresse:
HTB-bygget, sentrum

Postadresse:
Postboks 103
5291 Valestrandsfossen

Foretaksregisteret:
Org. nr: 997 089 782

På bakgrunn av saka sine omstende med at utbyggjar har brukt uforholdsmessig lang tid på ferdigstilling av VVA-anlegget, vel ein å søkje om mellombels bruksløyve i 1 år for å spare tid og kostnader med ytterlegare forlenging ved eventuelle forseinkingar utover utbyggjar sine lovnader.

Dersom de ynskjer ytterlegare informasjon i høve saka, ta gjerne kontakt på telefon eller e-post for raskt svar.

Venleg helsing/Best Regards



Lena Lekve

Jurist, Byggesak

Direkte: +47 95963006 | Felles: +47 56390003

Faks: +47 56191130

E-post: lena@arkoconsult.no



Lena Lekve

Fra: Rune Ulvatn <runulvat@online.no>
Sendt: mandag 23. april 2018 13:53
Til: Lena Lekve
Emne: SV: vedr. gebyr for mellombels bruksløyve på Selfallet

Hei

Ja vi får dekke de.

Mvh
Rune

Fra: Lena Lekve <lena@arkoconsult.no>
Sendt: mandag 23. april 2018 13.26
Til: runulvat@online.no
Emne: vedr. gebyr for mellombels bruksløyve på Selfallet

Hei!

Viser til telefonsamtale med deg i dag, i høve dekning av gebyr for søknad om mellombels bruksløyve for vår kunde med eigedom i Selfallet.

Du bekrefta per telefon at du som utbyggjar var villig til å dekke utgiftene med søknad om forlenging av bruksløyve, som er kr. 800,-. (Gebyra har auka noko frå i fjor, frå kr. 770,- som du fekk opplyst).

Etter samtale med kommunen er det ikkje garantert at me får ein evt. søknad behandla som ei forlenging av bruksløyve, då tidlegare løyve er gått ut.

Huseigar har unnlatt å søke om forlenging grunna utgiftene dette medfører, då han ikkje ser det som rettmessig at han skal lastast desse utgiftene når huset i seg sjølv er ferdigstilt og ferdigattest er avhengig av utbyggjar.

Situasjonen er særst uheldig, då huseigar per dags dato ikkje har heimel til å bu i huset. Som ansvarleg søkjar prøver eg å finne ei løysing som kan fungere for begge partar.

Spørsmålet er om du framleis vil vera villig til å dekke utgiftene om saka vert handsama som ein ny søknad om mellombels bruksløyve, der prisen er kr. 3200,-?

Me kan legge ved ein førespurnad om redusering av gebyret på bakgrunn av omstenda ved utbygginga, men her er ingen garanti for reduksjon.

Fint om du kan gje meg ei tilbakemelding og anten bekrefte eller avkrefta at du som utbyggjar vil dekke nødvendige utgifter til mellombels bruksløyve for vår kunde.

Høyrer frå deg.

Venleg helsing/Best Regards

Lena Lekve

Jurist, Byggesak

Direkte: +47 95963006 | Felles: +47 56390003

Faks: +47 56191130

E-post: lena@arkoconsult.no

